

## **MØTEBOK**

### **REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL**

**Møtedato:** Fredag 28.8.2015

**Stad:** Nes, Næringsstunet

#### **Desse møtte frå Regionrådet:**

Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Tony Kjøl,	Hol kommune
Ivar Brevik,	Ål kommune
Hallvor Lilleslett,	Gol kommune
Tor Magnussen,	Nes kommune

- Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar
  - Rådmannsutvalet deltok i sak 38 – 43
- 

#### **SAK 38/15 LANSERING AV NYE HEIMESIDER FOR KOMMUNANE OG REGIONRÅD**

Kommunane i Hallingdal og Regionrådet lanserte heimesider i ny drakt.

#### **SAK 39/15 FRETEX GOL**

Anne Grethe Fremgaard, adelingsleiar Fretex Gol orienterte om Fretex og korleis dei arbeidar, presentasjon lagt ved møteboka.

Det vart spesielt orientert om

- MOA (motivasjon, oppmøte, arbeid), aktivitetsplikt for sosialhjelp. Frå neste år vil dette bli eit lovpålagt kommunalt ansvar. Gol kommune har starta opp med eit prøveprosjekt. Dette kan vera eit opplegg som er interessant for fleire kommunar i Hallingdal.
- Etablerarkurs for minoritetsspråklege om tilbod i Hallingdal?

#### **SAK 40/15 TILSKOT TIL BYREGIONPROGRAMMET**

##### **Vedtak**

Regionrådet for Hallingdal løyver kr.1.520.000 til fase 2 av Utviklingsprogrammet for byregionar. Midlane blir teke frå det regionale næringsfondet.

#### **SAK 41/15 ORIENTERING OM DRIFT AV DEN INTERMEDIÆRE AVDELINGA VED HALLINGDAL SJUKESTUGU**

Klinikksjef Per Bleikelia og avdelingssjef for medisinsk avd. Oddmund Nestegard frå Ringerike sykehus orienterte om status og planar for Hallingdal sjukestugu, som skal bli eit «nærerjukeshus». Det er lagt opp til opning av den intermediære avdelinga, med 10 kommunale senga og 10 sjukehussenga i okt. 2016.

#### **SAK 42/15 EVENTUELTT**

##### **Fengsel**

Kommunane drøfta invitasjon om å huse det som kan bli fyrste fengsel bygd og drive gjennom eit offentleg/privat samarbeid (OPS).

Eldreråda i Hallingdal, årleg samling 9.september

Hallvor Lilleslett informerte om at 9. september skal eldreråda i Hallingdal ha sitt årlege møte, denne gongen på Gol. Tema er aktiv omsorg med kunst og kultur – og det vil vera eit inspirasjonsmøte med overlege Audun Myskja som inspirator.

Rettssenter

Tor Magnussen tok opp status vedr. rettssenter Hallingdal og Domstolsadminstrasjonen si avgjerd om å legge felles rettssenter i Hallingdal på is. Regionrådet vil arbeide vidare for å avklare faktiske forhold og moglegheiter.

Ungdomsråd

Knut Arne Gurigard informerte om debattkveld 27.8 som Gol ungdomsråd i samarbeid med Hallingdal ungdomsråd (HUR) arrangerte med fokus på kommunereforma. Målet var å auke kunnskapen om kva kommunereforma er, og korleis evnt endringar vil påverke kommunane og spesielt ungdom. Alle ungdomsråda i dalen var invitert i tillegg eit politisk panel på 8 personar.

**SAK 43/15 GODKJENNING AV PROTOKOLL**

Vedtak

Protokollen er godkjent.

Ål 28.8.2015

Oddvar Grøthe, Hemsedal kommune

Tony Kjøl, Hol kommune

Ivar Brevik, Ål kommune

Hallvor Lilleslett, Gol kommune

Tor Magnussen, Nes kommune